

Saksbehandlar: Jenny Ellaug Følling, Fylkesordføraren  
Sak nr.: 17/3960-6

## Søknad om forlenga åremålsstilling

**Fylkesordføraren rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**  
**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Tore Eriksen får fornya åremål som fylkesrådmann med ein periode på ca. 2 år frå og med 10.04.18 til og med 31.03.20.
2. Etter avslutta åremål vil Tore Eriksen få rett til fast stilling i fylkeskommunen. Løns- og arbeidsvilkår for ei eventuell rådgivarstilling vert å avtale seinare.

## SAKSFRAMSTILLING

### Bakgrunn for saka

Tore Eriksen er tilsett på åremål som fylkesrådmann i 6 år, for perioden 10.04.12 til 09.04.18. Tore Eriksen søker om forlenga åremål som fylkesrådmann med verknad frå 10.04.18. Av omsyn til eiga framtid ynskjer fylkesrådmannen ein rask avklaring på søknaden.

### Regelverk

Administrasjonssjefar (stillingskode 9430) har særaldersgrense på 65 år. Dette inneber at dei har både rett og plikt til å gå av seinast ved fylte 65 år dersom dei har opptent fulle pensjonsrettar (full opptening er 30 år). Unntak kan gjerast for arbeidstakarar som ikkje har opptent fulle pensjonsrettar og som difor ønskjer å halda fram i stillinga, jf. hovudtariffavtalen kapittel 2, punkt 2.4. Dersom det er ønskjeleg å halda fram i ei stilling som har særaldersgrense, sjølv om vedkomande har full opptening, kan arbeidstakar og arbeidsgjevar inngå avtale om det. Å arbeide utover særaldersgrense skal handterast individuelt, når situasjonen er aktuell.

### Vurdering

I tilsettingsavtalen til Tore Eriksen står det m.a.: *Etter avslutta åremål kan det vere høve å inngå ny leiaravtale (åremålskontrakt) for 6 år. Etter avslutta åremål vil Tore Eriksen, dersom han ynskjer det, ha rett til å bli tilsett i ei fast stilling i fylkeskommunen med arbeidsoppgåver og løn som er tilpassa den kompetanse og dei røynsler han har. Aldersgrense for stillinga som fylkesrådmann er 65 år.*

Fylkesrådmann Tore Eriksen har opptent fulle pensjonsrettar. Vi har høve til å inngå avtale om å forlenga hans tilsetjingsforhold som fylkesrådmann med ein ny åremålsperiode på knappe to år (frå april 2018 – mars 2020). Det følgjer av hovudtariffavtalen kapittel 1, § 2.4 andre ledd at ein åremålsperiode skal vere minimum seks år, men at ved forlenging kan den nye åremålsperioden vere kortare enn seks år.

Hovudtariffavtalen seier også at arbeidstakarar som er tilsett på åremål skal informerast seinast eitt år før tilsetjingsforholdet opphøyrer om kor vidt tilsetjinga vert forlenga for ein ny

åremålsperiode. Etter at åremålet er ferdig, vil fylkesrådmannen ha krav på retrettstilling, jf. den ovennemnde føresegna i hovudtariffavtalen.

I juni vil Stortinget truleg vedta at Sogn og Fjordane og Hordaland vert slått saman til eitt fylke frå 01.01.20. Det vil vere behov for hans erfaring, kompetanse og kunnskap om vårt fylke inn i ein eventuell ny region.

Eg har drøfta Tore Eriksen sin søknad med arbeidstakarorganisasjonane v/fylkeshovudtillitsvald i møte 20.04.17. Partane var einige om at Tore Eriksen sitt åremål i stillinga som fylkesrådmann vert fornya med ein periode på ca. 2 år, dvs. frå og med 10.04.18 til og med 31.03.20, i tråd med reglane om særaldersgrense for fylkesrådmenn som er 65 år. Tore Eriksen har fylt 65 år når åremålsperioden er ute 31.03.20.